



Høgspenlinja blir ikkje fjerna i 2009 heller. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den mykje omtala høgspenlinja frå Korsnes til brua i Uskedalen vil ikkje bli fjerna i 2009 heller. Det opplyser nettansvarleg i Kvinnerad Energi Gerhard Myklebust til uskedalen.no. Etter eit møte hausten 2007 vart det opplyst at prosjektet truleg ville kunne fullførast neste år, men det vil altså ikkje skje.



Det er ein kjempejobb å få ført linja i kabel vidare frå brua og til sekundærstasjonen, opplyser KE. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Prosjektet inneber at høgspenlinja blir ført over i den jordkabelen som lenge har lege klar i sykkel- og gangbana langs riksvegen.

Vidare skal linja førast i jordkabel frå brua og fram til sekundærstasjonen.

Gerhard Myklebust presiserer at denne siste etappen er ein kjempejobb.

- Vi har ikkje kome langt nok med planleggjinga av nye kioskar og høgspenkablar til å få gjort denne jobben i 2009.

Men det er sett av eindel pengar på budsjettet for neste år og planleggjinga vil bli ført vidare, opplyser Myklebust.

Det var i oktober 2007 dei lokale velforeiningane og Uskedal Utvikling tok eit initiativ for endeleg å få fart på saka og etter eit felles møte med Kvinnherad Energi kom det optimistiske signal.

KE sine representantar viste då til at prosjektet hadde stått på budsjettet, men at det hadde vorte stroke fordi politikarane hadde kravd eit større overskot.

No står det knappe 300.000 på budsjettet til føremålet, opplyser politikar Gunn Mari Moberg som sit i styret.

Av Ola Matti Mathisen